

Melding om vedtak

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet
Postboks 159

5812 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.
12/862-12/7818

Arkivkode:
FA-F39

Dato:
28.12.2012

Særutskrift - Busetting av flyktningar i Austrheim kommune 2012 - 2014

Viser til vedlagte sak med vedtak.

Med helsing

Jan Olav Osen
Rådmann

Olav Mongstad
Assisterande rådmann

Kopi til:
KS v/Nina Gran

Austrheim kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, råd m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	05.12.2012	265/12	Olav Mongstad
Kommunestyret	19.12.2012	141/12	Olav Mongstad

Saksansv.: Jan Olav Osen	Arkiv: FA-F39	Arkivsaknr: 12/862 -2
--------------------------	---------------	-----------------------

Busetjing av flyktningar i Austrheim kommune 2012 - 2014

Dokument i saka:

Rådmannen sitt framlegg til tilråding:

1. Austrheim kommunestyre seier ja til IMDI si oppfordring om mottak av inntil 15 flyktningar. Tilgang på bustad vil avgjera kva tempo kommunen kan ta i mot flyktningane.
2. Rådmannen får fullmakt til å tilsetja flyktningkonsulent i 100 % stilling for å førebu arbeidet med busetjinga. Midlar til stillinga vert å finna innanfor midlane kommunen får frå IMDI.

Behandling i Formannskapet 05.12.2012:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes tilrådd.

FS-265/12 Tilrådd:

1. Austrheim kommunestyre seier ja til IMDI si oppfordring om mottak av inntil 15 flyktningar. Tilgang på bustad vil avgjera kva tempo kommunen kan ta i mot flyktningane.
2. Rådmannen får fullmakt til å tilsetja flyktningkonsulent i 100 % stilling for å førebu arbeidet med busetjinga. Midlar til stillinga vert å finna innanfor midlane kommunen får frå IMDI.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2012:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-141/12 Vedtak:

1. Austrheim kommunestyre seier ja til IMDI si oppfordring om mottak av inntil 15 flyktningar. Tilgang på bustad vil avgjera kva tempo kommunen kan ta i mot flyktningane.
2. Rådmannen får fullmakt til å tilsetja flyktningkonsulent i 100 % stilling for å førebu arbeidet med busetjinga. Midlar til stillinga vert å finna innanfor midlane kommunen får frå IMDI.

Særutskrift sendt:

IMDI

Kopi: KS v/Nina Gran

Dato:**Sign:**

1. Saka gjeld:

Austrheim kommune har fått førespurnad frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) om kommunen kan busetja 30 flyktningar i perioden 2012-2014.

2. Saksopplysningar:

IMDI skriv i brevet at for 2012 er det underskot på kommunale plassar med 1 500. Behovet er 7 500. Dei vurderar behovet i 2013 til å vera 9 200 plassar. Grunnen til dette er at ein større del av asylsøklarane som kjem til Noreg har eit reelt behov for beskyttelse og fyller vilkåra for flyktningstatus.

Austrheim har tatt i mot kvoteflyktningar i to puljer tidlegare. Ein gong midt på 80-talet og ein gong i løpet av siste 8-10 år. I dag er det 4 av desse personane som bur att i Austrheim.

3. Vurdering:

Det er ei nasjonal oppgåve å ta i mot og gi flyktningar eit trygt og godt opphald i landet. Slik arbeidsdelinga er, vert det ei kommunal oppgåve å tilretteleggja for ein god kvardag for dei som sit i mottak og har fått opphaldsløyve i landet.

Rådmannen har vore i dialog med IMDI om dette og klarlagt av viss Austrheim skal busetja flyktningar, så må husspørsmålet avklarast. Kommunen må anten leiga eller byggja hus til dei som kjem.

Kommunen mottar integreringstilskot for å busetja flyktningane.

Nedanfor er informasjon om satsar for integreringstilskot i 2012.

Stortinget har fastsatt følgende satser for integreringstilskudd i 2012:

Integreringstilskudd	Bosettingsår	Sats
	År-1 (2012)	kr. 156 500 (voksen)* kr. 135 000 (barn)* kr. 210 000 (enslig voksen) kr. 156 500 (enslig mindreårig)
	År-2 (2011)	kr. 156 500
	År-3 (2010)	kr. 135 000
	År-4 (2009)	kr. 80 000
	År-5 (2008)	kr. 70 000
Skoletilskudd		kr. 11 000
Barnehagetilskudd		kr. 21 800 (engangstilskudd)
Eldretilskudd		kr. 143 000 (engangstilskudd)
Særskilt tilskudd enslige mindreårige		kr. 126 840
Personer med kjente funksjonshemninger		Tilskudd 1: kr. 160 000 (engangstilskudd)
		Tilskudd 2: Inntil kr. 800 000 i inntil 5 år

Integreringstilskuddet skal bidra til at kommunene gjennomfører et planmessig og aktivt bosettings- og integreringsarbeid, med sikte på at de bosatte skal komme i jobb og greie seg selv. Tilskuddet skal dekke kommunenes gjennomsnittlige utgifter ved bosetting og integrering i bosettingsåret og de fire neste årene.

I tillegg vil kommunen motta tilskot til opplæring i norsk med samfunnsfag. Slike midlar mottek vi i dag. Det vert rekna ut tilskot pr person med rett og/eller rett og plikt til norskopplæring.

Bustad:

Fylgjande er henta frå Husbanken sine heimesider.

Bolig er grunnlaget for integrering og deltakelse i samfunnet. Husbanken har flere økonomiske virkemidler som kan bidra til at flyktninger og innvandrere kan skaffe seg gode boliger.

Husbankens tilskudds- og låneordninger er rettet både mot kommuner og enkeltpersoner. Gjennom aktiv bruk av ordningene, kan mennesker som er i en vanskelig situasjon på boligmarkedet få hjelp til å skaffe seg en bolig eller bli boende i en bolig.

Informasjon, veiledning, ulike kompetansetiltak og kunnskapsutvikling er viktige virkemidler som Husbanken bidrar med overfor kommunene når de skal skaffe boliger til flyktninger.

Økonomiske virkemidler

***Boligtilskudd til etablering** - boligtilskudd kan gis i kombinasjon med startlån for å redusere lånebyrden. Tilskuddet er sterkt behovsprøvd, og det legges vekt på behovet for bolig og om den økonomisk vanskelige situasjonen er av varig karakter.*

***Boligtilskudd til utleieboliger** - tilskuddet blir tildelt av Husbanken til kommuner, stiftelser og lignende og formålet er å øke antall utleieboliger til vanskeligstilte på boligmarkedet.*

***Startlån** - gis til kommuner for viderefordeling til enkeltpersoner. Startlånet kan benyttes til topp- eller fullfinansiering ved kjøp av bolig, og kan også gis til refinansiering og til toppfinansiering ved bygging av ny bolig.*

***Grunnlån** - enkeltpersoner kan søke om inntil 80% finansiering til oppføring av ny bolig. Lånet gis også til kommuner/stiftelser til kjøp og oppføring av utleieboliger - ofte i kombinasjon med tilskudd. Les mer.*

***Bostøtte** - alle personer som deltar på introduksjonsprogrammet har rett til bostøtte. Generel har alle med lav inntekt og høye bostøtter krav på bostøtte.*

I siste fasen kommunen tok i mot flyktningar, vart det bygd husvære med stønad frå Husbanken.

Når kommunen skal ta avgjerd på om ein skal ta i mot oppfordringa frå IMDI eller ikkje, kan ikkje saka bli eit reknestykke med to strek under eit svar. Ein må ta stilling til ei oppgåve om ein skal gå inn i det samfunnsansvar kommunane har med å busetja flyktningar.

Rådmannen ser det som viktig å få til eit godt tverrfagleg arbeid med eit eventuelt mottak. Det er fleire i organisasjonen med kompetanse frå tidlegare mottak. Rådmannen vil oppnemna ein tverrfagleg gruppe med representantar frå:

- NAV
- Skule
- Barnehage
- Vaksenopplæring

- Familiekontoret/helse
- Frivilligsentral

Det må tilsetjast ein flyktningkonsulent som får ansvar for å koordinera mottak og arbeid inn mot dei som skal busetja seg i Austrheim. Denne personen må på plass tidleg i 2013 for å starta arbeidet med mottak. Det må avklarast i kva takt kommunen klarar å tilby personar bustad, arbeid/sysselsetjing og norskopplæring. Midlar til denne stillinga må takast frå integreringstilskotet.

Når kommunen seier ja til å motta eit tal flyktningar, kan dette talet etter kvart endra seg. Dei som kjem har høve til å søkja om familiegjenforening. Det er IMDI som avgjer slike søknader.

Rådmannen meiner talet frå IMDI om 30 flyktningar over 3 år, der familiegjenforening kan auka talet endå meir, er for mange til å få til ei god integrering. Talet bør derfor setjast lågare. Rådmannen føreslår halve talet, 15 personar i perioden. Erfaringa ein gjer i perioden kan eventuelt føra til rit endra tal.

4. Konklusjon:

Rådmannen oppfordrar Austrheim kommunestyre til å sei ja til oppmodinga frå IMDI om å busetja inntil 15 flyktningar. Det må snarast tilsetjast ein flyktningkonsulent for å koordinera arbeidet.

Melding om rett til å klaga på forvaltningsvedtak

<p>Klagerett: (forvaltningslova (fvl) § 28)</p>	<p>Den som er part eller har rettsleg klageinteresse, har rett til å klage over vedtaket</p>
<p>Kven kan det klagast til: (fvl § 28)</p>	<p>Klagen kan rettast til overordna forvaltningsorgan som er Fylkesmannen i Hordaland. Klagen skal sendast til Austrheim kommune</p>
<p>Klagefrist: (fvl §§ 29,30 og 31)</p>	<p>Klagefristen er tre – 3 – veker frå den dag brevet/vedtaket kjem fram til vedkommande part. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt før fristen går ut. Dersom klagen kjem inn etter at fristen er gått ut vil den bli avvist. Klagen kan likevel bli vurdert dersom det føreligg særlege grunnar som tilseier det. Det må difor opplysast om årsaka til forsinkelsen. Ein klage som er avgjort av Fylkesmannen kan ikkje påklagast.</p>
<p>Rett til å kreva grunngjeving: (fvl § 24 og 25)</p>	<p>Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeve, kan det setjast fram krav om det. Slik krav må framsetjast innan klagefristen. Klagefristen blir i så fall avbroten og ny frist vert rekna frå den dag grunngjevinga har kome fram til klagar</p>
<p>Innhald i klagen: (fvl § 32)</p>	<p>I klagen må nemnast vedtaket som det vert klaga over og kva ein ønskjer å endra. Det må grunngjevast og visast til dei moment som kan vera relevante for avgjering i saka. Klagen må underteiknast av klagar eller ein fullmektig for klagar.</p>
<p>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket: (fvl §§ 31 og 42)</p>	<p>Sjølv om partane har klagerett, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. Ein kan søkja om få utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til om iverksetjing av vedtaket kan utsetjast.</p>
<p>Rett til å sjå saksdokumenta og krav om veiledning: (fvl § 11)</p>	<p>Med visse begrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Ein må då ta kontakt med Austrheim kommune. Der vil ein og kunne få nærare veiledning om adgangen til å klage og den vidare sakshandsaminga.</p>
<p>Kostnader ved klagen: (fvl § 36)</p>	<p>Det kan søkjast om å få dekkja utgifter til nødvendig advokathjelp. Men her gjeld visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannen eller advokat kan gje nærare veiledning. Det er og lov å kreva dekning for vesentlege kostnader i samband med klagesaka, f. eks advokathjelp. Dette forutset vanlegvis at underinstansen har gjort ein sakshandsamingsfeil som fører til endring av vedtaket. Klageinstansen vil kunna orientere om retten til å kreve slik dekning.</p>